

# FOLKEMENGD OG ARBEIDSSTYRKE FRAM MOT 2040

Av Jorunn Furuberg

## Samandrag

*Dei siste ti åra har folkemengda i Noreg auka langt sterkare enn det ein såg føre seg tidlegare, hovudsakleg på grunn av høg nettoinnvandring. Frå 2006 til 2015 auka arbeidsstyrken med 326 000 personar. Berre 12 prosent av dette skuldast auka yrkesfrekvens i ulike aldersgrupper, resten kan forklarast med auke i folkemengda og endringar i alderssamansetjinga av folkemengda. Dei siste ti åra har yrkesdeltakinga blant eldre auka, og meir blant kvinner enn blant menn. Blant menn under 50 år, og blant kvinner under 30 år, har det vore ein nedgang i yrkesdeltakinga.*

*I SSB si siste framskriving av folkemengda vil det vera vekst fram mot 2040 i alle alternativa. I hovudalternativet vil det vera over 6,3 millionar personar i Noreg. Veksten vil vera størst blant dei eldste.*

*Med konstant yrkesdeltaking på 2015-nivå for menn og kvinner i alle aldersgrupper, vil arbeidsstyrken veksa fram mot 2040, uansett kva for alternativ for veksten i folkemengda vi legg til grunn. Vi har også sett på korleis tre ulike alternativ for utvikling i yrkesdeltakinga vil påverka veksten i arbeidsstyrken, med utgangspunkt i SSB sitt hovudalternativ for vekst i folkemengda.*

*Vi finn at dersom yrkesdeltakinga blant kvinner aukar slik at den i 2040 er på same nivå som blant menn i 2015, og auken i yrkesdeltakinga blant dei eldste mennene held fram til 2025, kan arbeidsstyrken bli 160 000 høgare i 2040 enn om yrkesdeltakinga held seg på dagens nivå. Dersom yrkesdeltakinga blant alle kvinner og blant menn over 60 år ikkje aukar, og nedgangen blant yngre menn held fram, kan det bli 80 000 færre i arbeidsstyrken i 2040 enn med konstant yrkesdeltaking. Dette illustrer at utviklinga både i folkemengda og i yrkesdeltakinga er viktig for storleiken på arbeidsstyrken i framtida. NAV har her ei viktig rolle å spela for å motverka ute-stenging og utstøytning frå arbeidsmarknaden for utsette grupper, slik at vi kan sikra høg yrkesdeltaking og fleire i arbeidsstyrken i framtida.*

## Innleiing

Utviklinga i folkemengda er ein avgjerande faktor for verdiskapinga i landet. Storleiken på folkemengda er avhengig av faktorar som fruktbarhet, levealder og innvandring. Folkemengda i yrkesaktiv alder set grenser for kor mykje arbeidskraft som kan setjast inn i verdiskapinga i samfunnet. Alderssamansetjinga av folkemengda er avgjerande for kor mykje ressursar samfunnet treng til utdanning, eldreomsorg og ulike velferdsgoder. Mange personar i yrkesaktiv alder i høve til yngre og eldre, gir grunnlag for ei større verdiskaping, og mange kan dela på utgifter til felles oppgåver. Verdiskapinga i samfunnet er også avhengig av yrkesdeltakinga, det vil seia kor stor del av folkemengda i yrkesaktiv alder som til ei kvar tid er i arbeidsstyrken.

Ved inngangen til 2016 var det busett om lag 5 214 000 personar i Noreg, ifølgje tal frå SSB. Blant desse var 3 915 000 i yrkesaktiv alder, det vil seia i alderen 15–74 år. I 2015 var gjennomsnittleg 71,2 prosent av den totale folkemengda i yrkesaktiv alder i arbeidsstyrken, det vil seia at dei anten var sysselsette eller arbeidslause. I Noreg er yrkesdeltakinga høg samanlikna med mange andre land. Dette skuldast først og fremst at yrkesdeltakinga er høg blant kvinner og blant eldre.

I følgje statistikk frå Eurostat er medianalderen i folkemengda i Noreg i 2015 blant dei lågaste i Europa. Medianalderen i folkemengda er alderen der halvparten av folkemengda er yngre og halvparten er eldre. Når medianalderen aukar er det eit uttrykk for aldring av folkemengda. Frå 2005 til 2015 har medianalderen i Noreg auka, men auken har vore mindre enn gjennomsnittet i EU. I åra frå og med 2004 har det vore ei stor netto innvandring til Noreg, og innvandrarane har i gjennomsnitt vore mykje yngre enn gjennomsnittet i resten av folkemengda. Mykje av veksten både i folkemengda og i sysselsettinga skuldast auka innvandring.

Samstundes har det vorte høgare yrkesdeltaking blant eldre og lågare yrkesdeltaking blant yngre. Ein del av endringane i yrkesdeltakinga skuldast konjunkturrelle tilhøve, der særleg unge trekkjer seg ut av arbeidsstyrken i tider med låg etterspørsel etter arbeidskraft. Inn-

føringa av pensjonsreforma i 2011 gjorde det også meir attraktivt for mange seniorar å halda fram lengre i arbeidslivet. Samstundes påverkar langsiktige trendar yrkesdeltakinga. Ein trend er at unge tar lengre utdanning enn tidlegare, og dermed er noko mindre yrkesaktive. Dei siste 50 åra har kvinnene auka si yrkesdeltaking, samstundes som det er ein trend med høgare yrkesdeltaking blant eldre, uavhengig av pensjonsreforma i 2011.

I denne artikkelen vil vi, med utgangspunkt i SSB si siste framskriving av folkemengda, sjå på korleis alderssamansetjinga i folkemengda kan endra seg fram mot 2040. Vi vil sjå på korleis utviklinga i arbeidstyrken kan bli under ulike føresetnader for vekst i folkemengda, og på korleis ulike føresetnader for framtidig endring i yrkesdeltakinga kan tenkjast å påverka utviklinga i arbeidsstyrken. Artikkelen er delvis ei oppdatering av ein tidlegare artikkel om dette emnet (Furuberg 2006).

## Innvandring har auka folkemengda og arbeidsstyrken

I artikkelen «Folkemengd og arbeidsstyrke fram mot 2030» (Furuberg 2006) tok vi utgangspunkt i SSB si framskriving av folkemengda frå 2005. Folkemengda har auka langt sterkare i perioden frå 2005 til 2016 enn i framskrivinga SSB gjorde av folkemengda i 2005. I hovudalternativet i 2005-framskrivinga var det mellom anna lagt til grunn ei netto innvandring på 16 000 personar per år ut prognoseperioden. I perioden 2006 – 2015 var den faktiske nettoinnvandringa i gjennomsnitt på 39 000 per år. Auken i nettoinnvandringa er den viktigaste årsaka til at den faktiske folke-

### DEFINISJONAR

**Arbeidsstyrken** er summen av alle personar som anten er arbeidslause eller sysselsette. Statistisk Sentralbyrå (SSB) estimerer arbeidsstyrken med bakgrunn i Arbeidskraftundersøkinga (AKU), som er ei utvalsundersøking som vert gjennomført kvart kvartal.

**Yrkesfrekvensen**, også kalla yrkesdeltakinga for ei gruppe personar, er arbeidsstyrken rekna i prosent av alle personane i denne gruppa.

**Tabell 1. Summarisk oversyn over tre alternativ i SSB si framskriving av folkemengda**

Namn:	Fruktbarhet	Levealder	Innanlandsk flytting	Innvandring
Låg nasjonal vekst	Låg	Låg	Middels	Låg
Middels nasjonal vekst	Middels	Middels	Middels	Middels
Høg nasjonal vekst	Høg	Høg	Middels	Høg

Kjelde: SSB

mengda har vokse langt sterkare enn i nokon av alternativa i SSB si framskrivinga frå 2005. Ved inngangen til 2016 var det busett om lag 295 000 fleire personar i Noreg enn anslaget for 2016 i middelalternativet i SSB si framskriving frå 2005.

I 2005 utgjorde arbeidsstyrken 2 400 000 personar, eller 72,4 prosent av den totale folkemengda i alderen 16 – 74 år. Med yrkesdeltaking på nivå med 2005<sup>1</sup> i dei ulike aldersklassane, og med utgangspunkt i hovudalternativet for SSB si framskriving av folkemengda i 2005, ville arbeidsstyrken samla bli på 2 547 000 personar i 2015. Den faktiske arbeidsstyrken i 2015 var på 2 772 000 personar, nesten 225 000 personar,

eller 9 prosent, fleire enn i framskrivinga vi gjorde i 2006.


### Data og Metode

Artikkelen byggjer på SSB si framskriving av folkemengda frå juni 2016. Vi har teke utgangspunkt i framskrivinga etter dei tre hovudalternativa middels nasjonal vekst, låg nasjonal vekst og høg nasjonal vekst. Tabell 1 viser ei summarisk framstilling av føresetnadene for desse alternativa. For ei fullstendig framstilling av føresetnadane i desse alternativa viser vi til Cappelen med fleire (2016), Syse, Hart og Aase (2016) og Syse, Quang og Keilman (2016).

Med utgangspunkt i SSB sine framskrivingar, fordelt på kjønn og eittårige aldersgrupper, har vi rekna mid-delfolkemengda for eitt år ved å ta gjennomsnittet av

<sup>1</sup> I 2006 var det ei omlegging av AKU. Mellom anna vart 15-åringar inkludert i AKU frå og med 2006. Det er difor eit brot i tidsseriane frå AKU i 2006

**Figur 1. Framskriving av utviklinga i folkemengda 2016 – 2040 etter SSB sine 3 hovudalternativ. Per 1. januar 2016 – 2040**



Kjelde: SSB

folkemengda 1. januar i året og 1. januar i året etter. Vi har nytta den framskrivne middelfolkemengda som grunnlag for å skriva fram arbeidsstyrken. I framskrivinga av arbeidsstyrken har vi brukt detaljert yrkesdeltaking i følgje AKU. Vi har vi teke utgangspunkt i yrkesdeltakinga i fem-års aldersgrupper frå 15 til 64 år for begge kjønn separat, og vidare yrkesdeltakinga for alderen 65 – 74 år.

Alternativet *Middels nasjonal vekst* er det alternativet som SSB reknar som det mest sannsynlege. Vi har difor teke utgangspunkt i dette alternativet og gjort eigne føresetnader om utviklinga i yrkesdeltakinga, jamfør eigen faktaboks.

### Folkemengda vil veksa fram mot 2040

Folkemengda vil veksa i åra framover i alle dei tre alternativa SSB har utarbeidd. I hovudalternativet, som er det alternativet som SSB reknar for å vera det mest realistiske, vil folkemengda passera 6 millionar i 2032. I 2040 vil over 6,3 millionar vera busette i Noreg dersom utviklinga skjer i takt med hovudalternativet. I alternativet med høg nasjonal vekst vil vi passera 6 millionar personar allereie i 2027, og i år 2040 vil vi ha passert 7 millionar. I alternativet med


låg vekst vil det vera om lag 5,8 millionar innbyggjarar i landet i 2040.

SSB understrekar at det er stor uvisse knytt til framskrivingane, og uvisse er større dess lengre fram i tid ein går (Tønnesen med fleire 2016). Det er knytt uvisse til alle føresetnadene framskrivinga byggjer på, men uvisse er særlig knytt til føresetnadene om innvandring.

### Størst auke i talet på eldre

I hovudalternativet vil den samla folkemengda auka med 22 prosent frå 2015 til 2040 (jamfør figur 2). Auken vil særleg koma blant dei som er over yrkesaktiv alder. I aldersgruppa 75–79 år vil det vera 94 prosent fleire i 2040 enn i 2015, medan det vil vera meir enn ei dobling av talet på personar 80 år og eldre. I dei aldersgruppene der yrkesaktiviteten brukar å vera høgast, 25–49 år og 50–64 år, er veksten langt meir beskjeden, på 15 prosent og 17 prosent. Blant dei eldste i yrkesaktiv alder, 65–74 år, vil det vera ein vekst på 40 prosent. Dette tyder på at samfunnet vil vera avhengig av dei eldste i yrkesaktiv alder for å halda samla yrkesdeltaking på eit høgt nivå.

**Figur 2.** Vekst i folkemengda 2015 – 2040 i ulike aldersgrupper. Etter SSBs hovudalternativ. Prosent



Kjelde: SSB


Samanlikna med mange andre land er Noreg i ein meir gunstig situasjon når det gjeld utviklinga i folke- mengda. Innvandringa til Noreg dei siste åra har bid- rege til å bremsa aldringa av folke- mengda (Tønnesen med fleire 2016). Likevel vil ikkje innvandringa som ligg til grunn i framskrivinga hindra aldring av folke- mengda i tida framover, sidan innvandrane som har kome til Noreg også vert eldre.

### Utviklinga i arbeidsstyrken 2006 – 2015

Storleiken på arbeidsstyrken er avhengig av talet på personar i yrkesaktiv alder og nivået på yrkesdelta- takinga. Figur 3 samanliknar faktisk utvikling i arbeids- styrken i perioden 2006 til 2015 med utviklinga der- som yrkesdeltakinga i heile perioden var konstant på 2006- nivå i ulike aldersgrupper for kvinner og menn. Då ville heile endringa i arbeidsstyrken skuldast endringar i storleiken og samansetjinga av folke- mengda.

Arbeidsstyrken auka kraftig i oppgangskonjunkturen før finanskrisa, både blant kvinner og menn. Dette illustrerer at yrkesdeltakinga er sterkt påverka av til- høva på arbeidsmarkanden. I tider med høg etterspør- sel etter arbeidskraft vil fleire ta del i arbeidsmarkna- den. I tillegg til at arbeidsløysa går ned vil arbeidsstyrken auka. I nedgangskonjunkturar vil tilsva- rande mange trekkja seg ut av arbeidsmarknaden og arbeidsstyrken vil minka samstundes som arbeids- løysa aukar. I etterkant av finanskrisa var det ein ned- gang i arbeidsstyrken både blant kvinner og blant menn, og deretter ei meir stabil utvikling i tråd med endringar i folke- mengda i yrkesaktiv alder. Frå 2006 til 2015 auka arbeidsstyrken med om lag 326 000 per- sonar. Berre 12 prosent, eller om lag 38 400 av denne auken, skuldast auka yrkesfrekvens i ulike alders- grupper. Resten kan forklarast med auke i folke- mengda og endringar i alderssamansetjinga av folke- mengda. Blant menn skuldast 97 prosent av auken i arbeidsstyrken endringar i folke- mengda, blant kvin-

**Figur 3.** Utvikling i arbeidsstyrken blant kvinner og menn i perioden 2006 – 2015. Faktisk utvikling og utvikling dersom yrkesdeltakinga hadde heldt seg på 2006-nivå. Talet på personar



Kjelde: SSB og NAV

ner er det tilsvarende talet 78 prosent. Det meste av auken blant kvinner kom i perioden til og med 2010.


### Fleire eldre og færre yngre er yrkesaktive

I 2015 utgjorde arbeidsstyrken 71,2 prosent av den totale folkemengda i alderen 15–74 år. Yrkesdeltakinga blant menn var på 73,9 prosent og blant kvinner på 68,3 prosent (figur 4). Menn har høgare yrkesdeltaking enn kvinner i alle aldersgrupper, så nær som blant dei mellom 15 og 20 år. I dei yngste aldersgruppene er det mange av dei yrkesaktive som har utdanning som hovudaktivitet. Yrkesdeltakinga i dei yngste aldersgruppene er meir prega av konjunkturtilhøva og mange som arbeider ved sida av studiar vil trekkja seg ut av arbeidsmarknaden i tider det er vanskeleg å få seg arbeid. I aldersgruppa 35–39 år er forskjellen i yrkesdeltakinga mellom menn og kvinner minst. Yrkesdeltakinga er høgast blant menn i alderen 30–34 år med 90,8 prosent og blant kvinner i alderen 35–39 år med 87 prosent. Forskjellen mellom kvinner og menn si yrkesdeltaking er størst blant dei eldste i yrkesaktiv alder.

Dei siste ti åra har yrkesdeltakinga blant dei eldste auka, og meir blant kvinner enn blant menn. Dette kan ha fleire årsaker (ASD 2016). Pensjonsreforma i 2011 gjorde det meir lønsamt for mange i 60-åra å arbeida. Ein langsiktig trend med auka levealder og betre helse blant eldre har ført til at fleire er i stand til å vera yrkesaktive lengre. Veksten i yrkesdeltakinga blant dei eldste kvinnene kan også forklarast med at fleire blant dei kvinnene som har passert 60 år dei siste 10 åra har vore yrkesaktive i store deler av vaksenlivet, samanlikna med kvinnene i desse aldersgruppene for 10 år sidan. Forskjellen i yrkesdeltaking mellom kvinner og menn viser at det framleis er eit potensiale for at kvinner kan auka yrkesdeltakinga. Det er også eit potensiale for å auka yrkesdeltakinga blant eldre av begge kjønn i arbeidsstyrken.


Samanlikna med 2006 har yrkesfrekvensen blant kvinner gått tilbake med 0,1 prosentpoeng og blant menn med 1,7 prosentpoeng (fig. 5). Blant kvinner har det vore ein nedgang i alle aldersgrupper under 30 år, medan yrkesfrekvensen har auka i aldersgruppene frå og med 30 år. Yrkesfrekvensen har auka mest blant kvinner i alderen 60–64 år, med heile 10,5 prosent-

Figur 4. Yrkesdeltaking etter alder og kjønn. 2015. Prosent



Kjelde: SSB

Figur 5. Endring i yrkesfrekvens frå 2006 til 2015, etter kjønn og alder. Prosentpoeng



Kjelde: SSB

poeng. Blant menn har det vore ein nedgang i alle aldersklassar under 50 år. Bland menn 50 år og eldre har yrkesdeltakinga auka, og mest for dei i aldersgruppa 65 – 74 år, der yrkesfrekvensen har auka med 8 prosentpoeng i perioden.

### Vekst i arbeidsstyrken fram mot 2040

Utviklinga i arbeidsstyrken fram mot 2040 vil avhenga av veksten i folkemengda og utviklinga i yrkesfrekvensen for kvinner og menn i dei ulike aldersgruppene. Med utgangspunkt i SSB sine tre alternativ for framskriving av folkemengda, jamfør tabell 1, har vi sett på korleis utviklinga i arbeidsstyrken vil bli dersom yrkesdeltakinga for kvinner og menn i ulike aldersgrupper er på same nivå som i 2015. Vi ser då kor mykje utviklinga i folkemengda har å seia for utviklinga i arbeidsstyrken (figur 6).


Med yrkesdeltaking som i 2015 vil arbeidsstyrken veksa fram mot 2040 i alle dei tre alternativa for framskriving av folkemengda som SSB har laga. I alternativet *Middels nasjonal vekst* vil arbeidsstyrken i gjennomsnitt veksa med i underkant av 17 000 personar per år, slik at det i 2040 vil vera om lag 419 000, eller 15 prosent, fleire i arbeidsstyrken enn i dag. I alterna-

tivet *Høg nasjonal vekst* vil arbeidsstyrken veksa med i gjennomsnitt litt over 28 000 personar i året, slik at det i 2040 vil vera om lag 704 000 fleire i arbeidsstyrken enn i dag, ein vekst på heile 25 prosent. I alternativet *Låg nasjonal vekst* vil arbeidsstyrken auka med 8 prosent samla fram mot 2040, men veksten i arbeidsstyrken vil etterkvart flata ut. I 2040 vil det vera i overkant av 234 000, fleire i arbeidsstyrken enn i dag.

### Utviklinga i arbeidsstyrken under ulike føresetnader om yrkesdeltakinga framover

Med utgangspunkt i alternativet *Middels nasjonal vekst* for endring i folkemengda vil vi sjå på korleis arbeidsstyrken kan utvikla seg under ulike føresetnader for utviklinga i yrkesdeltakinga. Vi har valt tre ulike alternativ for å illustrera korleis endringar i yrkesdeltakinga blant kvinner og menn i ulike aldersgrupper har innverknad på utviklinga i storleiken på arbeidsstyrken. Vi har sett på utviklinga dei siste åra og valt alternativ som vi meiner ikkje er urealistiske. Vi samanliknar ein situasjon med konstant yrkesdeltaking på 2015-nivå, alternativet vi kallar *Konstant yrkesdeltaking*, med eit alternativ for låg vekst i arbeidsstyrken og eit alternativ med høg vekst. I alter-

**Figur 6.** Utviklinga i arbeidsstyrken i perioden 2015 – 2040 under SSB sine tre alternative føresetnader om utviklinga i folkemengda og med yrkesdeltaking på nivå med 2015. Talet på personar



Kjelde: SSB og NAV

nativet vi har kalla *Lågare yrkesdeltaking* (sjå faktaboks) legg vi til grunn at den negative utviklinga vi har sett når det gjeld utviklinga i yrkesdeltakinga blant menn under 50 år vil halda fram, samstundes som vi legg til grunn at det meste av effekten av pensjonsreforma på dei eldre si yrkesdeltaking allereie er realisert i auken vi har sett dei siste åra. I alternativet vi har kalla *Høgare yrkesdeltaking* legg vi til grunn at auken i dei eldste si yrkesdeltaking vil halda fram. I følgje Fredriksen og Stølen (2015) er det venta at pensjonsreforma av 2011 isolert sett vil gi ein auka i arbeidsstyrken på 185 000 personar, eller 5,5 prosent, i 2060 samanlikna med situasjonen utan denne reforma. Alternativet med høgare yrkesdeltaking tek omsyn til noko av dette, samstundes som vi tek omsyn til at det er eit urealisert potensiale for vekst i kvinner si yrkesdeltaking.

Arbeidsstyrken vil veksa uansett kva for alternativ vi legg til grunn for endring i yrkesdeltakinga. Alternativet *Konstant yrkesdeltaking* i figur 7 svarer til alternativet *Middels nasjonal vekst* i figur 6.

I alternativet *Lågare yrkesdeltaking* vil nedgangen i yrkesdeltakinga til menn fram mot 2025 føra til at det i 2040 er vel 80 000 færre personar i arbeidsstyrken samanlikna med ein situasjon der yrkesdeltakinga

blant kvinner og menn i ulike aldersgrupper er på same nivå som i 2015. Alternativet *høgare yrkesdeltaking* illustrerer potensialet for å auka arbeidsstyrken ved ein auke i yrkesdeltakinga. Dersom kvinner er like yrkesaktive i 2040 som menn er i 2015, og trenden med ei auka yrkesdeltaking blant dei eldste mennene i arbeidsstyrken held fram, vil det vera i under-

### TRE ALTERNATIVE FØRESETNADER FOR UTVIKLING I YRKEDELTA KINGA


**Lågare yrkesdeltaking:** Yrkesdeltakinga for kvinner er konstant på 2015-nivå i alle aldersklasser fram mot 2040. For menn under 60 år minkar yrkesdeltakinga kvart år fram til og med 2025, lik årsgjennomsnittet for nedgangen i perioden 2008 til 2015. Deretter held yrkesdeltakinga seg konstant ut perioden. For menn over 60 år er yrkesdeltakinga konstant som i 2015 ut perioden.

**Konstant yrkesdeltaking:** For menn og kvinner er yrkesdeltakinga konstant på 2015-nivå i aldersklassane.

**Høgare yrkesdeltaking:** For menn er yrkesdeltakinga for alle under 60 år på nivå med 2015 ut perioden. For menn over 60 år aukar yrkesdeltakinga kvart år lik årsgjennomsnittet for forskjellen mellom yrkesdeltakinga i 2008 og 2015 fram til 2025, for deretter å halda seg konstant. For kvinner aukar yrkesdeltakinga i alle aldersklassar slik at den i 2040 er på nivå med yrkesdeltakinga for menn i 2015.



**Figur 7.** Utviklinga i arbeidsstyrken fram mot 2040 under tre alternative føresetnader for utvikling i yrkesdeltakinga og ei utvikling i folkemengda som svarer til SSB sitt alternativ Middels vekst. Talet på personar




Kjelde: SSB og NAV

kant av 160 000 fleire personar i arbeidsstyrken i 2040 samanlikna med ein situasjon med konstant yrkesdeltaking.

### Fleire eldre i arbeidsstyrken


Med konstant yrkesdeltaking på nivå med 2015 for kvinner og menn i alle aldersgrupper og vekst i folkemengda på line med *Middels nasjonal vekst*, vil arbeidsstyrken auka mest blant personar i alderen 30 – 49 år. Halvparten av den samla auken i arbeidsstyr-

**Figur 8.** Endring i talet på personar i arbeidsstyrken frå 2015 til 2040 ved alternativet konstant yrkesdeltaking. Etter alder



Kjelde: SSB og NAV

**Figur 9.** Talet på yrkesaktive bak kvar yrkespassiv over 60 år eldre, under dei tre ulike alternativa for framtidig yrkesdeltaking. Forholdstal



Kjelde: SSB og NAV

ken vil koma i desse aldersgruppene (figur 8). Sjølv om veksten er sterkast i desse aldersgruppene, vil nesten 40 prosent av veksten koma blant personar 50 år og eldre. Trass i at yrkesdeltakinga er lågare blant dei eldre i yrkesaktiv alder, fører aldringa av folkemengda til at veksten i arbeidsstyrken er avhengig av at dei eldste er yrkesaktive.

### Forsørgjarbyrda vil uansett auka framover


I 2015 er det om lag 3,3 yrkesaktive personar per person 60 år og over som ikkje er yrkesaktiv. I åra framover vil det verta færre yrkesaktive per ikkje-yrkesaktiv over 60 år. Med utgangspunkt i alternativet for *Middels nasjonal vekst* viser figur 10 forholdstalet mellom arbeidsstyrken og personar 60 år og over som ikkje er yrkesaktive. Dette forholdstalet kan vi sjå på som eit enkelt uttrykk for endringar i kor mykje av samfunnet sine ressursar som vil gå med til å ta hand om eldrebølgja. I åra framover vil det verta færre yrkesaktive per ikkje-yrkesaktiv over 60 år. Dette skuldast først og fremst at vi vil få ein kraftig vekst i folkemengda som er over yrkesaktiv alder. I alternativet *Lågare yrkesdeltaking* vil dette forholdstalet falla frå 3,3 i 2015 til 2,2 i 2040. Også i alternativet *Kon-*

*stant yrkesdeltaking* vil forholdstalet minka monaleg til 2,3 yrkesaktive per yrkespassiv 60 år og eldre i 2040. I alternativet *Høgare yrkesdeltaking* er utviklinga meir gunstig, men også her vil vi få eit fall i forholdstalet frå 3,3 i 2015 til 2,6 i 2040.

### Ein lågare prosentdel av samla folkemengd vil vera yrkesaktive i 2040

I tillegg til eldre, utgjer barn og ungdom under utdanning ein stor del av dei ikkje-yrkesaktive. Figur 10 viser utviklinga i prosentdelen av den samla folkemengda som vil vere i yrkesaktivitet fram mot 2040, under ulike alternativ for yrkesdeltaking og vekst i folkemengda i samsvar med *Middels nasjonal vekst*. I 2015 var 53 prosent av den samla folkemengda yrkesaktive. I alternativet *Høgare yrkesdeltaking* vil prosentdelen yrkesaktive auka litt og halda seg om lag på nivå med 2015 ut framskrivingsperioden. I alternativet *Konstant yrkesdeltaking* vil prosentdelen yrkesaktive falla til litt over 50 prosent, medan i alternativet *Lågare yrkesdeltaking* vil om lag 49 prosent av den totale folkemengda vera yrkesaktive i 2040.

**Figur 10.** Prosentdel av den totale folkemengda som er yrkesaktive i perioden 2015 – 2040 under tre ulike alternativ for yrkesdeltaking



Kjelde: SSB og NAV

## Diskusjon

Høg yrkesdeltaking føreset at alle som har eit potensielle for å arbeida får høve til å realisera dette. Det inneber at personar som er i randsona av arbeidsmarkanden vert integrert i arbeidslivet. For å sikra høg yrkesdeltaking og vekst i arbeidsstyrken har det dei siste åra vore fokus på tiltak for å auka yrkesdeltakinga blant dei eldre. I følgje tal frå AKU minka yrkesdeltakinga blant personar i alderen 65–74 år utover 70-talet og var på sitt lågaste på slutten av 90-talet, både blant kvinner og menn. Dette skuldast truleg innføring av tidlegpensjonsordningar som AFP, men også lågkonjunkturar som gjorde at mange eldre trekte seg ut av arbeidsmarknaden. Frå slutten av 90-talet snudde trenden, og yrkesdeltakinga blant dei eldste auka, men er likevel på eit langt lågare nivå enn tidleg på 70-talet.

Dei siste åra har yrkesdeltakinga blant yngre gått litt ned, særleg blant menn under 50 år (figur 5). For at det skal bli vekst i arbeidsstyrken i ei tid med aldrande folkemengd, er det viktig at også dei yngre i yrkesaktiv alder har høg yrkesdeltaking. Dei som var i alderen 30–50 år i 2015 vil vera i alderen 55–75 år i 2040.

Kvinner har lågare yrkesdeltaking enn menn. I alternativet *Høgare yrkesdeltaking* er ein av føresetnadane er at kvinner etter kvart aukar yrkesdeltakinga opp til same nivå som menn. Trass i auka yrkesdeltaking i dette alternativet vil aldringa av folkemengda likevel føra til at det vert lågare samla yrkesdeltaking i 2040 enn i dag. I denne artikkelen har vi sett på yrkesdeltaking, men ikkje på kor mykje den einskilte arbeider. Mange kvinner arbeider deltid, og arbeidstilbodet kan også auka ved at fleire kvinner arbeider fulltid.

Den høge nettoinnvandringa til Noreg i tida etter utvidinga av EU i 2004 har ført til at folkemengda har auka langt meir en det ein såg føre seg i framskrivinga av folkemengda frå 2005. Det er særleg arbeidsinnvandringa som har ført til denne auken. Dei siste åra har innvandrane stått for størstedelen av veksten i sysselsettinga.

I følgje framskrivinga av folkemengda vil det bli fleire innvandrarar i folkemengda framover, og særleg fleire eldre innvandrarar. Yrkesdeltakinga blant innvandrarar er i gjennomsnitt litt lågare enn i resten av folkemengda, men det er store forskjellar mellom innvandrargruppene. Blant mange av dei som kom til Noreg som arbeidsinnvandrarar er yrkesdeltakinga høgare

enn i folkemengda utan innvandrarbakgrunn, medan yrkesdeltakinga ofte er lågare blant personar som kjem til Noreg som flyktningar eller gjennom familie-gjenforening. Det er difor eit potensiale for å auka arbeidstilbodet i mange innvandrargrupper.

Mange personar står utanfor arbeidslivet på grunn av dårleg helse. Ved utgangen av 1. halvår var 200 900 personar registrert hos NAV med nedsett arbeids-evne<sup>2</sup>. Mange av desse kan vera heilt eller delvis yrkesaktive dersom dei kan finna høveleg arbeid. Eit inkluderande arbeidsliv der personar med nedsett arbeidsevne får høve til å utnytta restarbeidsevna i større grad enn det som er situasjonen i dag, vil gi ei høgare yrkesdeltaking.

OECD peikar på at langvarig lågkonjunktur kan føra til lågare yrkesfrekvens ved at mange arbeidslause trekkjer seg ut av arbeidsmarkanden når dei har søkt jobb lenge utan å få arbeid. Langvarig arbeidsløyse verkar dermed negativt inn på framtidig produksjon og velferd i eit land, ved at kunnskapen til arbeidskrafta som trekkjer seg ut forvitrar over tid (OECD 2016). Utsette grupper på arbeidsmarknaden kan stå i fare for å bli utstøytte frå arbeidslivet i tider med låg etterspørsel etter arbeidskraft. Samstundes vil det vera vanskelegare for nykommarar på arbeidsmarknaden å finna seg arbeid. For å sikra høg yrkesdeltaking er det viktig med ein aktiv arbeidsmarknadspolitik for hindra at utsette grupper trekkjer seg ut av arbeidsstyrken.

.....  
<sup>2</sup> Jamfør definisjon i kapitlet «Begreper og definisjoner» bakerst i dette tidsskriftet.

## Referansar:

OECD (2016). *OECD Economic Outlook June 2016*. s. 25 – 25.

Arbeids- og sosialdepartementet (2016). «Målene om et mer inkluderende arbeidsliv – status og utviklingstrekk» Rapport 2016.

Cappelen, Ådne, Terje Skjerpene og Marianne Tønnesen (2016). «Befolkningsframskrivinger 2016–2100: Inn- og utvandring». *Økonomiske analyser* 3/2016, Statistisk sentralbyrå.

Fredriksen, Dennis og Nils Martin Stølen (2015). «Evaluerer av pensjonsreformen – Direkte konsekvenser for arbeidsstyrken og offentlige budsjetter». Rapport 37/2015, Statistisk Sentralbyrå.

Furuberg, Jorunn (2006) «Folkemengd og arbeidsstyrke fram mot 2030». *Rapport om Arbeidsmarkedet*, 1/2006, 14–19.

Furuberg, Jorunn og Kari-Mette Ørbog (2015). «Arbeidsledige innvandrere i 2014» *Arbeid og Velferd* 3/2015, s 19–32.

Syse, Astri, Rannveig Hart og Kjersti Norgård Aase(2016) «Befolkningsframskrivinger 2016–2100: Fruktbarhet». *Økonomise analyser* 3/2016, Statistisk sentralbyrå.

Syse, Astri, Pham Dinh Quang og Nico Keilman (2016) «Befolkningsframskrivinger 2016–2100: Dødelighet og levealder». *Økonomiske analyser* 3/2016, Statistisk sentralbyrå.

Tønnesen, Marianne, Stefan Leknes og Astri Syse(2016) «Befolkningsframskrivinger 2016–2100: Hovedresultatet». *Økonomiske analyser* 3/2016, Statistisk sentralbyrå.